

*Vedtekter for barnehagane  
i  
Hemsedal kommune*



*Gjeldande frå 1. august 2009*

Vedteke kommunestyre sak 26/10 den 04.03.2010

## **1. EIGAR**

Hemsedal kommune er eigar av barnehagane og ansvarleg for drifta.

## **2. FORVALTNING**

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter og retningslinjer departementet til ei kvar tid fastset for drift av barnehagar. Likeins skal dei drivast i samsvar med kommunale vedtak og planverk for den einskilde barnehage.

Barnehagen er politisk underlagt Hovudutval for livsløp.

## **3. FORMÅL**

Formål for barnehage.

Følgjande formålsparagraf er vedteken i Stortinget desember 2008, og vil tre i kraft når følgjeendringar av ny formålsparagraf er vedtatt av stortinget.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, neste kjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere eit utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide former for diskriminering.

Barnehagane skal ha eit nært samarbeid skule og SFO.

## **4. FORELDRE RÅD - SAMARBEIDSUTVAL**

I samsvar med Lov om barnehagar §4 og forskriftene, skal barnehagane ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd i kvar barnehage.

Foreldrerådet består av alle foreldre. Dei vel eit arbeidsutval (FAU) med medlemar frå alle avdelingane.

Det er felles samarbeidsutval for kvart oppvekstsenter i Hemsedal.

Samarbeidsutvalet skal ha slik samansetning:

1 repr. frå dei føresette i skulen

1 repr. frå dei føresette i barnehagen

1 repr. frå dei føresette i SFO

1 repr. frå det pedagogiske personalet på skulen

1 repr. frå anna personale på skule/SFO

1 repr. frå personalet i barnehagen

1 repr. frå kommunen / Hovudutval for Livsløp

Rektor og styrar har møte- og uttalerett og fungerer som sekretærer i SU.

I saker som berre vedkjem ein av verksemdene, kan deler av det store SU trå i kraft.

”Del-SU” skal bestå av:

- Representant og vararepresentant frå foreldra
- Representant og vararepresentant frå personalet
- Politisk valt representant.

## 5. GODKJENNING

Barnehagane skal vera godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule, forskrift om sikkerheit på leikeplassar og brannforskrifter.

Arealnorma:

- 4 m2 leike - og opphaldsareal per barn over 3 år
- 5,5 m2 leike – og opphaldsareal per barn under 3 år

## 6. OPNINGSTID

Opningstida er minimum 9 timar per dag.

Barnehagane gjev tilbod om plass 2-5 dagar i veka og 12 månader i året.

Barnehageåret startar 15. august.

Barnehagen blir stengd dei 2 siste vekene i juli (veke 29 og 30)

Barnehagane held stengt jule- og nyttårsaftan.

Onsdag i påskeveka stenger barnehagane kl. 12.00

Barnehagane samarbeider når det er få påmeldt ungar i romjula og påskeveka.

Påmelding av barn som skal vera i barnehagen i romjula og/eller påskeveka må skje seinast 1. desember og 3 veker før palmesøndag. Påmeldinga skal vera bindande.

Ved påmelding til jul og påske skal det minimum vera 10 påmelde plassar.

## 7. SØKNAD OM Plass

Søknaden skal sendast på eige elektronisk skjema som ligg på

[www.hemsedal.kommune.no/skjema](http://www.hemsedal.kommune.no/skjema)

Ved hovudopptaket blir ledige plassar kunngjort i lokalpressa i februar med søknadsfrist

1. mars. Tildeling av plass frå august skjer normalt i april/mai.

Elles i året vert barnehageplass tildelt etter venteliste omtrent 1 måned før plassen skal takast i bruk.

## 8. OPPTAK , OPPTAKSKRINS OG OPPTAKSKRITERIA

Opptaket er eit administrativt ansvar lagt til rådmannen.

Vedtaksmynde er delegert til styrar.

Opptakskrinsen for alle barnehagane er heile Hemsedal kommune.

Etter lov om barnehagar har alle barn busett i kommunen rett til barnehageplass frå august det året dei fyller 1 år. Dette gjeld barn som fyller 1 år innan utgangen av august det året det søkes om plass. Dette forutset at det vert søkt om plass ved hovudopptaket 1. mars.

Barn som har fått tildelt barnehageplass, har denne fram til skulestart eller til plassen vert sagt opp.

Dersom ein treng å prioritere ved tildeling av plassar blir desse kriteria lagt til grunn:

1. Barn med nedsett funksjonsemne og/eller barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester, jmf. Lov om barnehagar § 13.
2. Barn med andre spesielle behov.
3. Barn frå heimar med sjukdom, funksjonshemming eller andre vanskar.
4. Minoritetsspråklege barn.
5. Barn med einslege forsørgjarar
6. Barn der ein eller båe av foreldra tek grunnleggjande utdanning.

Pkt. 1, 2 og 3 krev dokumentasjon frå PPT, helsestasjon, lege eller annan offentleg instans. Punkt 6 krev dokumentasjon frå foreldra.

Utover dette vert plassar fordelt etter følgjande kriteria:

1. Barn som søker utvida plass
2. Barn som har søsken i barnehagen frå før

Ved opptak blir det teke omsyn til gruppesamansetjing og aldersfordeling i gruppene. Normalt tilbyr Hemsedal kommune plass i barnehage frå barnet er fylt 1 år.

### **9. KLAGE PÅ OPPTAK**

Tildeling av plass/avslag på søknad om plass i barnehagen er einskildvedtak etter forvaltningslova. Slike vedtak kan klagast på innan 3 veker.

Klagen skal sendast til Hemsedal kommune.

Dersom klaga ikkje vert teke til følgje, vert den overført til klagenemnda i kommunen.

### **10. OPPSEIING**

Barn som har fått barnehageplass, har plassen fram til skulestart (i midten av august).

Tildelt plass kan seiast opp med ein månads varsel frå 1. eller 15. i månaden.

Oppseiinga skal skrivast på eige elektronisk skjema som er å finne på kommunen sine heimsider.

### **11. FORELDREBETALING**

Satsar for betaling av barnehageplass skjer i tråd med forskrifter med maksimalpris gitt av departementet. Kommunestyret fastset pris på matpengar og eventuell reduksjon av maksimalpris. I alle barnehagar er det fast betaling kvar månad.

Når barnet må ta 4 veker ferie i løpet av barnehageåret vert det 11 mnd. med foreldrebetaling.

Betaling skjer forskotsvis over bank/postgiro innan den 20. i kvar månad.

Ved oppstart i barnehagen vert det belasta for 1/2 eller 1/1 månad. Oppstart mellom 1. og 15. inneber full betaling. Oppstart mellom 16. og 31. inneber halv betaling.

Ved for sein henting, etter eit munnleg og eit skriftleg varsel, må det betalast gebyr for kvar påbegynte halvtime. Gebyret er kr. 150,- per påbegynte halvtime.

Syskenmoderasjon vert gjeve frå og med barn nr. 2 i ein familie.

Moderasjonen er i tråd med Forskrift for foreldrebetaling i barnehage og er 30 % for barn to, 50 % for barn tre eller fleire.

Barn som har sjukefråvær frå barnehagen meir enn to veker får innvilga betalingsfri for dei dagane som overstig dei to vekene. Legeattest må leggest fram.

Barn kan få permisjon med betalingsfri frå barnehagen i heilt særskilte tilhøve.

Det er høve til å søke friplass i særskilte tilhøve.

Søknaden skal sendast til NAV-kontoret i Hemsedal.

Dersom meir enn 2 månader av foreldrebetalinga utestår vert varsel om oppseiing av plassen sendt frå økonomiavdelinga i kommunen. Brukarar som mistar plassen grunna manglande betaling kan tidlegast få attende plass ved neste ordinære opptak.

## **12. FERIE**

Barnehagane blir stengd dei to siste vekene i juli (veke 29 og 30).

Personalet ordnar ferieavviklinga slik at det til kvar tid er personale til stades for forsvarleg drift.

Det er eit krav om at barnet må ta ut 4 veker ferie i løpet av året. 3 av desse vekene må leggjast i perioden 15.juni - 15.august og minst 2 av vekene skal vera samanhengande.

Foreldra må melde frå om ferien til barna til den einskilde barnehage seinast 1.mai.

Dei borna som ikkje melder seg til opphald i barnehage verken i romjula eller påskeveka, kan rekna dette som ei ferieveke.

## **13. PLANLEGGINGS DAGAR**

Barnehagane skal i løpet av eit barnehageår ha 5 planleggingsdagar. Barnehagane held stengt desse dagane. Plassering av desse dagane blir lagt inn i årsplanen.

## **14. POLITIATTEST**

Alle som vert tilsett i barnehagen, eller arbeider på barnehagens område i opningstid, må levera politiattest jmf. Lov om barnehagar § 19.

Attesten skal vise om den tilsette er tiltalt, eller dømt for seksuelle overgrep mot barn.

## **15. TEIEPLIKT**

Personalet i barnehagen har teieplikt i alle tilhøve vedkommande barna og deira heimemiljø, jamfør §20 i Lov om barnehagar.

## **16. OPPLYSNINGSPLIKT**

Alle som arbeider i barnehage skal vera merksam på forhold som kan føre til tiltak frå sosial – og barnevernstenesta. Dei tilsette har plikt til av eiga tiltak og melde frå om slike saker. jmf. Lov om barnehagar § 21 og 22.

## **17. HELSEKONTROLL AV BARN OG PERSONALE**

Det skal leggjast fram erklæring om barnet si helse når barnet startar i barnehagen.

Personalet har plikt til å gjennomgå tuberkulosekontroll etter gjeldande regelverk.

Føresette skal melde frå til barnehagen når barnet har fått ein smittsam sjukdom. Ved mistanke om lus skal personalet i barnehagen kontakte helsestasjonen.

## **18. INTERNKONTROLL**

Kvar barnehage skal ha eit internkontrollsystem som er godkjent av eigar.

Systemet skal omfatte både HMS, miljøretta helsevern for skule og barnehage og sikkerheit på leikeplassar.

## **19. FRAMMØTE /FRÅVÆR**

Barna skal fyljast til barnehagen og det skal gjevast beskjed om at dei er kome og henta.

Ved avvik frå normalt frammøte, skal det gjevast beskjed til barnehagen. Dersom andre enn den som har den daglege omsorga skal hente, skal dette vera avklart med barnehagen på førehand.

## **20. ENDRING AV VEDTEKTENE**

Vedtektene for dei kommunale barnehagane kan berre endrast etter vedtak i Hemsedal kommunestyre etter framlegg frå Hovudutval for livsløp.